

**Periodisk helsekontroll – førarrett etter særreglar C1E**

Namn	Fødselsnummer
------	---------------

1. Synskrav

	Høgre auge	Venstre auge	Begge auge
Utan korreksjon	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Med korreksjon	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
	Høgre auge	Venstre auge	
Korreksjonen si styrke	<input type="text"/>	<input type="text"/>	

- a) Er synsstyrken minst 0,8 på det eine auget og 0,1 på det andre auget?
(Ved optisk korreksjon, unnateke kontaktlinser, må ikkje vere over pluss 8 dioptrier) Ja Nei
- b) Er synsfeltet minst 160 grader vidt i horisontalplanet og minst 70 grader til kvar side? Ja Nei
- c) Er synsfeltet i vertikalplanet intakt minst 30 grader opp og ned? Ja Nei
- d) Er synsfeltet intakt innanfor ein radius på 30 grader? Ja Nei
- e) Har vedkomande dobbeltsyn? Ja Nei
- f) Har vedkomande hatt uventa tap eller monaleg reduksjon av synet på eitt auge i løpet av dei siste 6 månadene? Ja Nei

2. Helsekrav

- a) Har vedkomande hatt anfall av hjernefunksjonsforstyringar, medrekna epilepsi og medvitsforstyringar av annan eller uviss årsak i løpet av dei siste 10 åra? Ja Nei
- b) Har vedkomande hatt eller vore handsama for alvorleg psykisk lidning som fører med seg nedsett dømekraft, nedsett impuls kontroll eller atferdsforstyringar, som kan vere farleg for trafikken? Ja Nei
- c) Har vedkomande diabetes som vert handsama med insulin eller andre blodsukker-nedsetjande medisiner? Ja Nei
- d) Misbrukar vedkomande alkohol, rusmiddel eller brukar berolegande/bedøyvande middel i doser som gjer årvaken sansetilstand eller kjøredugleik mindre? Ja Nei
- e) Har vedkomande normal kraft i begge bein og armar, og naturleg grep i begge hender? Ja Nei
- f) Har vedkomande symptomgivande hjartesyjukdom, teikn på koronarsjukdom, koronarsjukdom i sjukehistoria eller vanskeleg kontrollerbar blodtrykkssjukdom? Ja Nei

Vedkomande tilfredsstillir helsekrava for å føre kjøretøy klasse C1E i Sivilforsvaret Ja Nei

Stad og dato	Legen si underskrift og stempel
--------------	---------------------------------

Rettleiing til legen vedrørande periodisk helsekontroll – førarrett etter særreglar C1E for Sivilforsvaret

Tenestepliktige som kontrollerast etter særreglar C1E for Sivilforsvaret, skal minimum sitja inne med ordinær førarrett klasse B.

1. Synskrav

- a) Synsstyrken må vere minst 0,8 på det eine auget og 0,1 på det andre auget. Optisk korreksjon, unnateke kontaktlinser, må ikkje overstige pluss 8 dioptrier.
- b) Synsfeltet må vere minst 160 grader vidt i horisontalplanet og minst 70 grader til kvar side.
- c) I vertikalplanet må synsfeltet vere intakt minst 30 grader opp og ned.
- d) Det må ikkje vere sentrale synsfeltutfall innanfor ein radius på 30 grader.
- e) Det må ikkje vere dobbeltsyn.
- f) Ved synsutfall må legen verdsetja graden.

2. Helsekrav

- a) Anfallsvis forekommande hjernefunksjonsforstyringar (medrekna epilepsi og medvitsforstyringar av annan eller uviss årsak) må ikkje ha funnen stad, og medikamentell førebygging av anfall ikkje ha vore nytta eller rekna som naudsynt, dei siste 10 åra.
- b) Dersom vedkomande har hatt eller har vore handsama for alvorleg psykisk lidning som fører til nedsett dømmingsevne, nedsett impuls kontroll eller atferdsforstyringar som kan vere farleg for trafikken, må legen verdsetja graden.
- c) Ved diabetes som vert handsama med insulin eller andre blodsukkernedsetjande middel, må:
 - det ikkje ha vore alvorleg hypoglykemi dei siste 12 månadene
 - føraren vere fullt merksam på utviklinga av hypoglykemi
 - føraren regelbunden kontrollere blodsukkeret minst 2 gonger dagleg i samband med kjøyring
 - føraren kunne gjere greie for farene ved hypoglykemi
 - det ikkje vere teikn på alvorlege komplikasjonar til sjukdomen
- d) Ved misbruk av alkohol, rusmiddel eller bruk av beroligande/bedøyvande middel i doser som reduserer årvaken sansetilstand eller kjøyreevne, må legen verdsetja graden.
- e) Med hensyn til førleik krev ein normal kraft og koordinasjon i begge bein og armar, og naturleg grep i begge hender.
- f) Det må ikkje være symptomgivande hjartesyjukdom, teikn på koronarsjukdom, koronarsjukdom i sjukehistoria eller vanskeleg kontrollerbar blodtrykkssjukdom.